

Sak 05-22 Nytt slagord for VØR som inkludera klimaperspektivet

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

1. Representantskapet vedtek slikt nytt slagord for VØR:
2. Dagleg leiar vert beden om å oppdatere alle relevante styringsdokument med det nye slagordet.

Saksutgreiing

Bakgrunn

Ved behandling av Strategiplan 2021-2024 i september 2020 vedtok representantskapet strategiplanen med handlingsplanen for perioden med blant anna eit endringspunkt om nytt slagord. Vedtaket seier slik i punkt 1 «*Til neste utarbeiding av strategiplan (2022-25), blir administrasjonen beden om å igangsette ein prosess for vurdering av ny visjon og nytt slagord, der m.a. klimaperspektivet må inn*».

I prioriteringa mellom saker, bad styret om å få sak om slagord i forkant av rullering av strategiplan 2023-2026.

Kva er eit slagord?

Ein visjon er definert som «eit bilde av den framtida vi søker å skape», medan eit slagord skal kort og slåande seie noko vesentleg om organisasjonen. Visjonen til VØR er «*Eit ressurscenter for avfall, med kunnskap og tenester for privat abonnentar og næringsliv*», medan slagordet er «*Sortert avfall gir verdi*».

Ofte ser ein at det er ein klar samanheng og raud tråd mellom visjon og slagord til bedrifter, også i avfallsbransjen. Dette bør ein også ha i VØR.

Det ligg vidare eit krav i representantskapet sin bestilling, at klima skal vere inkludert i slagordet.

Nedanfor er ei oversikt over kva slagord som vert nytta i bransjen, og der ser vi slagord som er typiske for «materialgjenvinnings budskapen», men som ikkje dekker klima. Unntak er der likevel, til dømes Renovasjonsselskapet for Grenlandsregionen. (RIG) «En friskere klode» Eit slagord som dekker både materialgjenvinnings- og klima-perspektivet.

Kva slagord og visjonar har andre selskap?

Når ein skal endre slagord og/eller visjon kan der vere ein fordel å sjå på selskap som er i same bransje. Det er ikkje alle selskap som har synlege strategiplanar på nettsidene, men nedanfor finn de eit utval både av lokale og nasjonale selskap.

Selskap	Slagord	Visjon
ÅRIM	La oss gjenvinne meir!	
SSR	Verdiskapande og løysingsorientert	Med kunnskap og erfaring skal selskapet drive effektivt, framtidretta og verdiskapande miljøarbeid i regionen, der kvalitet og kostnadar harmonerar.
ReMidt	ReMidt – ditt miljøsekskap	Bra på kort sikt, avgjørande på lang sikt – sammen om framtidens avfallsløsningar
RIG	En friskere klode	Smarte løsningar for et grønt Grenland
ROAF	Fire kjerneverdier: Miljøansvar, engasjement, service og tillit	ROAF skal sammen med våre innbyggere gi avfallet nytt liv, gjennom en sirkulærøkonomisk forretningsmodell. Gjennom miljøsmarte valg, sørger ROAF for en bærekraftig fremtid for kommende generasjonar.
BIR	Vestlendingens egen miljøbedrift En miljøbedrift som viser vei	BIR skal være vestlendingenes egen miljøbedrift. Vi skal være et moderne og tillitsvekkende selskap. Dette danner grunnlaget for konsernets vidare utvikling.


Klimaperspektivet inn i slagordet

Ved å endre slagordet til VØR bør ein sjå på kva som er sentralt i norsk og internasjonal avfallspolitikk no. Den sirkulærøkonomisk tankegangen er sentral både i Noreg og EU. Ressursane som vi hentar inn frå våre innbyggjarar må vere ein del av den sirkulære økonomien, der ein beheld mest mogleg av ressursane i kretsløpet gjennom auka ombruk og materialgjenvinning av avfallet.

FN sine 17 verdensmål for ei berekraftig utvikling fram mot 2030 er også sentral saman med klimamåla om utsleppskutt som er nedfelt i Parisavtalen.

Proseszen vidare

Administrasjonen ser på endring av slagord og visjon som politikk. Endring av eit slagord og/eller visjon går ut på å styre VØR i ei viss retning og utvikling. Administrasjonen ser det difor som naturleg at styret og eller representantskapet fortsett denne prosessen.



Petter Bjørdal

Dagleg leiar



Anne Mette Farstad

kommunikasjonsleiar